



Styrar Marianne L. Bjørnebøle delar opp 30-årskaka med assistanse av dottera Åshild som er fjerdeklassing i Omvikdalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styrar ved Uskedalen Barnehage Marianne L. Bjørnebøle var raus med rosen til medarbeidarane sine under 30-årsmarkeringa tysdag kveld.

- Etter vel eitt år her stortrivs eg. Her er det ein fantastisk kjekk gjeng og eg har kjend meg heime fråstarten.. Alle står på for å gjera ein god jobb, slog ho fast.



- Hugsar du då vi gjekk i barnehagen? Katrine Y. Røssland og Marita Kjærland peikar på biletet frå 2001. (Foto: Ola Matti Mathisen) Rektor Vidar Haugland opna med å slå fast at mykje har skjedd på dei 30 åra og at det er gjort mykje både ute og inne.

Styraren opplyste at ho hadde stått på for at den "nye" uteleikeplassen skulle bli ferdig til 30-årsmarkeringa og takka kommunen og dei som har gjort ein stor dugnadsinnsats.

Nytt klatrestativ, ny voll med gjennomgåande rør, to nye sandkassar og ein ny terrasse er resultatet som deltakarane i arrangementet kunne beundra og ungane boltre seg i og på.



Skulekamaratane song ved markeringa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Truleg hadde meir enn 100 teke i mot invitasjonen til jubileet, som naturleg nok hadde snorklypping som eit høgdepunkt. To av dei eldste blant dei 41 ungane, tvillingparet Jostein og Silje Soldal, hadde den jobben medan Vegard Døssland spela fanfare. Så var det song både ved heile ungflokken og berre ved skulekamaratane (dei eldste).

Etterpå slapp skulemusikken til og imponerte stort i mørket. Så var det rikeleg kakeservering og eit myldrande liv i barnehagelokala.



Heile ungflokken song fleire songar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Markeringa streka under at barnehagen er eit midtpunkt og ein svært viktig del av nærmiljøet i Uskedalen, men ingen fortalde at det faktisk no er eit dobbeltjubileum. Ikkje berre er det 30 år siden starten av korttidsbarnehage i Gamleskulen hausten 1978, det er samstundes 15 år sidan den nye barnehagen vart opna som ein del av oppvekstsenteret.



Det vart trengt ved kakebordet i barnehagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var ordførar Thorleif Hellesøy som klypte snor den gongen, nærare bestemt 22. november. Han kunne opplysa at barnehagen hadde kosta 2,6 millionar som faktisk var 120.000 kroner mindre enn kalkylen. Barnehagen hadde 39 ungar ved opninga.



Tvillingparet Soldal klypte snora. (Foto: Anette Sund) Av

Ola Matti Mathisen



Skulemusikken imponerte med taktfast spel i mørket. (Foto: Ola Matti Mathisen)